

Interessegrupper

www.kyrkja.no/fjell/konfirmant/interessegruppe





Interessegrupper

Alle konfirmantane er med i ei interessegruppe. I interessegruppa får du vere ein del av fellesskapet i kyrkja. Det er mange ulike aktivitetar å velje mellom, og dei varierer i både innhald og tid.

Hugs å sjekke nøye at tidspunktet for interessegruppa ikkje krasjar med andre aktivitetar du er med i.

Nokre interessegrupper har ein pris i tillegg til konfirmantbetalinga. Økonomi skal aldri vere ei hindring for å delta. Ta kontakt med Beate Sørhus (bs845@kyrkja.no), så finn vi ei god løysing.

Du melder deg på til interessegrupper på nettsida www.kyrkja.no/fjell/konfirmant/interessegruppe.

Alle gruppene har begrensa plass, derfor må du sette opp ei liste med minst tre alternativ. Frist for påmelding er tysdag 10. september. Dei som melder seg på etter fristen kan berre velge mellom gruppene som har ledig plass.

Konfirmantleir

På konfirmantleirane reiser vi til Skjergardsheimen på Tjeldstø. Her blir det leikar, friluftaktivitet, undervisning, leirkveld og rangling. Det blir både gøy og seriøst, og alt som ein leir skal by på! Som konfirmant er du med på ein av leirane.

Leir 1: 25.-27. oktober

Leir 2: 7.-9. mars

Pris: 1350,-



KRIK konfACTION vest - Vinterleir

Stor konfirmantleir på Framnes i Norheimsund, 22.-25. februar saman med 400 andre konfirmantar frå heile vestlandet. Her får du vere med på idrettsglede, trusglede og livsglede. På leiren kan du velge mellom mange ulike idrettar og aktivitetar, både med og utan ski på beina.

I forkant av leiren vil gruppa som reiser frå Sotra ha nokre samlingar. Her blir det både aktivitetar og informasjon - og ein mulighet til å bli kjent med dei du skal reise med.

konfACTION blir arrangert av KRIK. Konfirmantane reiser med leiarar frå Sotra.

Pris: Medlemsskap i KRIK: 120,-

Reise og opphald: 2600,- (+ ev.skikort)

(NB! Leiren er første halvdel av vinterferien)

Ungdomslørdag

Ungdomsklubb i Foldnes kyrkje, annankvar lørdag frå kl. 19-23.

Her er det mat, sosialt, ulike aktivitetar, andakt, lovsang og utruleg masse gøy!

Landroklubben


Ungdomsklubb i Landro kyrkje annankvar fredag kl. 18.30-21.00.

Her blir det kiosk, sosialt, andakt og aktivitetar som bordtennis, biljard og brettspel.

Landro teenskor

Teenskoret har øvingar kvar tysdag kl. 18.35-20.00 i Landro kyrkje

I tillegg til øvingane, synger Teenskoret på gudstenester, konsertar og andre arrangement i Landro kyrkje.



Lukas Gaming

Kvar måndag i Foldnes kyrkje kl. 18.30-21.00.

For deg som har lyst til å game og bygge PCar.
Fokus på sosiale kveldar, aktivitet og lagspel.

Gaming er eit samarbeid mellom kyrkja og
Øygarden KFUK-KFUM.

Pris: Medlemsavgift: 275,-

Lukas TenSing

Lukas TenSing øver i Foldnes kyrkje
kvar måndag kl. 18.30-21.00. Her
kan du vere med på både kor, dans,
band, teknikk og sosialt!

Med i opplegget er to TenSing-
helger og konsert til våren.
Som TenSing-konfirmant vil du
òg få tilbud om å bli med på
Vinterfestivalen i februar.

TenSing er eit samarbeid mellom
kyrkja og Øygarden KFUK-KFUM.

Pris: Medlemsavgift: 275,-
TenSing-helger: 400,-





Tweens-medhjelpar

Bli med som medhjelpar på Tweensklubben i Fjell kyrkje annankvar fredag kl. 19-21.

På klubbkveldane hjelper du til med å registrere, vere med på gruppene (gymsal, hobby, bordtennis, leik), selge i kiosen eller ha ein quiz.

Etter at tweens'ene har gått heim, er det klubb for Tweens+ fram til kl. 22.

KRIK Ulveset

Alltidrett, ballspel, sportsleikar og andakt i gymsalen på Ulveset skule. Kvar tysdag kl. 18.00-19.30.

Gruppa er eit samarbeid mellom kyrkja og KRIK Øygarden.

Pris: Medlemsavgift: 120,-

Gudsteneste medhjelpar

På denne gruppa er du med som medhjelpar på 4-5 gudstenester i kyrkja di. Her kan du få ulike praktiske oppgåver knytta til gudstenesta eller kyrkjekaffien.

Livets lys - medhjelpar

"Livets lys" er ei samling for psykisk utviklingshemma vaksne i Foldnes kyrkje, ein fredag i månaden kl. 17.30-20.30. Her er det samling med andakt og sang, kveldsmat og basar. Som medhjelpar er du med på matserving, loddsalg og andre praktiske oppgåver. I tillegg kan du vere med på sang, samtalar eller underholding.

Lysmesse

I vinter blir det lysmesser i kyrkjene våre. Dette er stemningsfulle og fine gudsteneste. Konfirmantane er med på å lese tekstar, tenne lys og gjere praktisk oppgåver. I forkant av lysmessa blir det ein ettermiddag/ kveld med øving.

Foldnes kyrkje: 8. des. kl 19
Fjell kyrkje 5. jan. kl. 19

Heime hos...

På denne gruppe får du komme heim til ein familie i kyrkja. Her blir det mat og god prat, om trua, livet, Bibelen og alt anna mellom himmel og jord. Gruppa har 5-6 samlingar i løpet av året.
Pris: Til mat på samlingane: 200,-



FUNK

Haut 2024

LUKAS TENSING/ GAMING

Måndagar | 1830-2100
Foldnes kyrkje
Frå 8.kl

KRIK ULVESET

Tysdagar | 1800-1930
Ulveset skule
Frå 8.kl

JUBILEUMS- FUNK

Tysdag 1. oktober
Bildøy bibelskule | 1530
Fjell kyrkje | 1930
13-19 år

TWEENS

13. sep. | 27. sep.
11. okt. | 25. okt.
8. nov. | 22. nov.
6. des: Adventsfest

Tweens: 1900-2100 | Frå 5.kl
Tweens+: 2100-2200 | Frå 8.kl
Fjell kyrkje

UNGDOMS- LØRDAG

14. sep. | 28. sep.
12. okt. | 26. okt.
9. nov. | 23. nov.
1900-2300
Foldnes kyrkje
Frå 8.kl

ADVENTS- FEST

Fjell kyrkje
7. desember kl. 1900

Påmelding:
www.kyrkja.no/
FUNK/adventsfest

LILLE- LØRDAG

3. sep. | 2. okt.
6. nov | 4. des
1800-2000
Foldnes kyrkje
5.-7.kl

LANDRO- KLUBBEN

20. sep. | 4. okt. | 25. okt
15. nov. | 6. des
1830-2100
Landro kyrkje
Frå 8.kl



kyrkja.no/FUNK

FUNK
for ungdom i kyrkja



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd



@FUNK_ungdom